

**Utval:** **Opplærings- og helseutvalet**  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen, 3. etg., Fylkeshuset  
**Dato:** 18.08.2015  
**Tidspunkt:** 10:00 – 11.00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

| Navn                     | Funksjon  | Representerer |
|--------------------------|-----------|---------------|
| Roald Stenseide          | Leiar     | FRP           |
| Dan Stian Femoen         | Nestleiar | H             |
| Rasmus Laupsa Rasmussen  | Medlem    | A             |
| Toralv Mikkelsen         | Medlem    | A             |
| Jane Kirsti Stangeland   | Medlem    | A             |
| Jette Lunemann Hansen    | Medlem    | A             |
| Rosalind Fosse           | Medlem    | FRP           |
| Gunn Mari Moberg         | Medlem    | H             |
| Børge Lunde              | Medlem    | H             |
| Aslaug Hellesøy          | Medlem    | KRF           |
| Alexander Fosse Andersen | Medlem    | FL SP/MDG     |
| Bjørnar Hamre            | Medlem    | V             |

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

| Navn                    | Funksjon | Representerer |
|-------------------------|----------|---------------|
| Anette Netteland Dybvik | Medlem   | H             |

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

| Navn            | Møtte for        | Representerer |
|-----------------|------------------|---------------|
| Nils Kåre Skoge | Anette N. Dybvik | H             |

**Merknader**

---

**Frå administrasjonen møtte:**

| Navn             | Stilling                 |
|------------------|--------------------------|
| Svein Heggheim   | Fylkesdirektør opplæring |
| Linda Farestveit | Seksjonsleiar skule      |
| Nina Ludvigsen   | Seksjonsleiar OT/PPT     |
| Øydis R. Ziem    | Utdelingssekretær        |

**Sakliste**

| <b>Utvals-<br/>saknr</b> | <b>Innhald</b>   | <b>Arkiv-<br/>saknr</b> | <b>U.Off.<br/>saknr</b> |
|--------------------------|--|-------------------------|-------------------------|
| PS 55/15                 | Godkjenning møteinnkalling   |                         |                         |
| PS 56/15                 | Godkjenning møteprotokoll forrige møte   |                         |                         |
| PS 57/15                 | Referatsaker (Meldingar)   |                         |                         |
| RS 27/15                 | Møteplan 2016 for fylkeskommunale organ  | 2015/5700               |                         |
| RS 28/15                 | Målbyte i vidaregåande opplæring- status 2015  | 2015/6756               |                         |
| RS 29/15                 | Deltaking i pilotering av funksjon som lærarspesialist   | 2015/2566               |                         |
| RS 30/15                 | Delvis samanslåing av Voss gymnas og Voss Husflidsskule  | 2014/10030              |                         |
| RS 31/15                 | Svar på spørsmål om overtal i vidaregåande skule   | 2015/6791               |                         |
| RS 32/15                 | Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland - rapport 2014   | 2014/10200              |                         |
| PS 58/15                 | Retningsliner for administrativ samanslåing av skular  | 2014/10030              |                         |
| PS 59/15                 | Pedagogisk Arkitektur - Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK  | 2014/21640              |                         |
| PS 60/15                 | Høyring om endring i fagtilbodet i matematikk i vidaregåande opplæring   | 2015/6561               |                         |
| PS 61/15                 | Høyring - NOU 2015:2 Å høre til - Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø   | 2015/6303               |                         |
| PS 62/15                 | Tiltak for å redusere fråfall og auke gjennomføring i vdaregåande opplæring  | 2015/6776               |                         |
| PS 63/15                 | Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 4 - 2015   | 2014/598                |                         |
| PS 64/15                 | Anmoding om uttale - Hordaland Privatgymnas AS - søknad etter privatskoleloven   | 2015/5369               |                         |
| PS 65/15                 | Sykkel VM 2017 – avtale med Bergen 2017 AS, oppnemning av representant til hovudkomitéen og fordeling av kr. 500.000 til prosjekt sykkel og folkehelse/sykkelvanar | 2014/1636               |                         |
| PS 66/15                 | Ymse   |                         |                         |

## **PS 55/15 Godkjenning møteinkalling**

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

### **Vedtak**

Møteinkalling og sakliste vart samråystes godkjent

## **PS 56/15 Godkjenning møteprotokoll forrige møte**

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte i OPHE 2. juni 2015 vart samråystes godkjent.

## **PS 57/15 Referatsaker (Meldingar)**

**Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

### **Vedtak**

Meldingane vart tekne til orientering.

**RS 27/15 Møteplan 2016 for fylkeskommunale organ**

**RS 28/15 Målbyte i vidaregåande opplæring- status 2015**

**RS 29/15 Deltaking i pilotering av funksjon som lærarspesialist**

**RS 30/15 Delvis samanslåing av Voss gymnas og Voss Husflidsskule**

**RS 31/15 Svar på spørsmål om overtal i vidaregåande skule**

**RS 32/15 Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland - rapport 2014**

## **PS 58/15 Retningslinjer for administrativ samanslåing av skular**

### **Forslag til vedtak**

1. Der det ligg føre vedtak om framtidig fysisk skulesamanslåing, har fylkesrådmannen fullmakt til å sette i verk ei administrativ samanslåing. OPHE skal informerast med melding når arbeid med administrativ samanslåing vert starta.
2. I Arna og Kvam vert det sett i verk administrativ samanslåing av skulane. Skulane på dei to stadane skal ha ei leiing og vere ei økonomisk-administrativ eining seinast innan skulestart 2016.

### **Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

Representanten **Aslaug Hellesøy** sette fram følgjande forslag til pkt. 2:

«I Arna og Kvam vert det sett i verk administrativ samanslåing av skulane. Skulane på dei to stadane skal ha ei leiing og vere ei økonomisk-administrativ eining seinast innan skulestart 2017. Prosessen vert sett i gong snarast.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart vedteke mot 5 røyster (AP + SP).

Hellesøy sitt forslag til pkt. 2 fekk 6 røyster (KRF/AP/SP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 2 vart vedteke mot 6 røyster (AP/SP/KRF).

### **Vedtak**

|          |  |
|----------|--|
| <b>1</b> | Der det ligg føre vedtak om framtidig fysisk skulesamanslåing, har fylkesrådmannen fullmakt til å sette i verk ei administrativ samanslåing. OPHE skal informerast med melding når arbeid med administrativ samanslåing vert starta. |
| <b>2</b> | I Arna og Kvam vert det sett i verk administrativ samanslåing av skulane. Skulane på dei to stadane skal ha ei leiing og vere ei økonomisk-administrativ eining seinast innan skulestart 2016.                                       |

## **PS 59/15 Pedagogisk Arkitektur - Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK**

### **Forslag til innstilling**

|          |  |
|----------|--|
| <b>1</b> | «Pedagogisk arkitektur – Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK» skal nyttast som del av grunnlaget ved bestilling av nye skuleanlegg, utbygging av eksisterande anlegg og ved rehabilitering og mindre ombyggingar av vidaregåande skular i HFK. |
| <b>2</b> | Dokumentet «Pedagogisk Arkitektur» bør behandlast som eit dynamisk rullerande dokument, og bør ha ein regelmessig gjennomgang kvart 5. år. Neste gjennomgang vert tilrådd gjennomførd i 2020.  |

### **Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Ber om at administrasjonen fram mot behandling i fylkesutvalet vurderer å komme med eit forslag til krav til toalettfasilitetar til elevane kor man tar omsyn til at elevar er ulike for eksempel med omsyn til livsyn, handikap og LHBT. Blant annet vurdere unisex-toalett, kjønnsdelte handikaptoalett og toalett med heildekande veggar».

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Hamre sitt forslag vart samrøystes vedteke oversend fylkesrådmannen.

### **Innstilling**

|   |  |
|---|--|
| 1 | «Pedagogisk arkitektur – Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK» skal nyttast som del av grunnlaget ved bestilling av nye skuleanlegg, utbygging av eksisterande anlegg og ved rehabilitering og mindre ombyggingar av vidaregåande skular i HFK. |
| 2 | Dokumentet «Pedagogisk Arkitektur» bør behandlast som eit dynamisk rullerande dokument, og bør ha ein regelmessig gjennomgang kvart 5. år. Neste gjennomgang vert tilrådd gjennomførd i 2020.  |

## **PS 60/15 Høyring om endring i fagtilbodet i matematikk i vidaregåande opplæring**

### **Forslag til innstilling**

|   |  |
|---|--|
| 1 | Hordaland fylkeskommune tilrår at matematikk 2T bør fjernast frå fagtilbodet i vidaregåande opplæring.           |
| 2 | Hordaland fylkeskommune tilrår at matematikk 2T-Y bør fjernast frå fagtilbodet dersom matematikk 2T blir fjerna. |

### **Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

|   |  |
|---|--|
| 1 | Hordaland fylkeskommune tilrår at matematikk 2T bør fjernast frå fagtilbodet i vidaregåande opplæring.           |
| 2 | Hordaland fylkeskommune tilrår at matematikk 2T-Y bør fjernast frå fagtilbodet dersom matematikk 2T blir fjerna. |

## **PS 61/15 Høyring - NOU 2015:2 Å høre til - Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø**

### **Forslag til innstilling**

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til konklusjonane og framlegga til tiltak slik dei går fram av NOU 2015:2 *Å høre til – virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø*

### **Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til konklusjonane og framlegga til tiltak slik dei går fram av NOU 2015:2 *Å høre til – virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø*

## **PS 62/15 Tiltak for å redusere fråfall og auke gjennomføring i vidaregåande opplæring**

### **Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

Fylkesutvalet tek fylkesrådmannen si sak til etterretning.

## **PS 63/15 Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 4 - 2015**

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

| K.stad | Art        | Prosj. | Tekst  | Meirutg./mindreinnt. | Mindreutg./meirinnt. |
|--------|------------|--------|--|----------------------|----------------------|
| 10     | 622.020.00 | 02320  | Bergen Handelsgym. - Tilrettelegging / omb. / rehab. | 10 000 000           |                      |
| 10     | 777.025.00 | 02320  | Universell Utforming                                 | 4 000 000            |                      |
| 10     | 777.020.00 | 02320  | Ladepunkt - El-bilar                                 | 2 000 000            |                      |
| 10     | 636.020.00 | 02320  | Laksevåg vgs - uteområde                             | 1 500 000            |                      |
| 10     | 777.021.00 | 02320  | Rehab. / omb./ tilbygg                               |                      | 17 500 000           |
|        |            |        |  | 17 500 000           | 17 500 000           |

### Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

| K.stad | Art        | Prosj. | Tekst  | Meirutg./mindreinnt. | Mindreutg./meirinnt. |
|--------|------------|--------|--|----------------------|----------------------|
| 10     | 622.020.00 | 02320  | Bergen Handelsgym. - Tilrettelegging / omb. / rehab. | 10 000 000           |                      |
| 10     | 777.025.00 | 02320  | Universell Utforming                                 | 4 000 000            |                      |
| 10     | 777.020.00 | 02320  | Ladepunkt - El-bilar                                 | 2 000 000            |                      |
| 10     | 636.020.00 | 02320  | Laksevåg vgs - uteområde                             | 1 500 000            |                      |
| 10     | 777.021.00 | 02320  | Rehab. / omb./ tilbygg                               |                      | 17 500 000           |
|        |            |        |  | 17 500 000           | 17 500 000           |

## **PS 64/15 Anmoding om uttale - Hordaland Privatgymnas AS - søknad etter privatskoleloven**

### Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune har overkapasitet på studiespesialiserande utdanningsprogram. I Bergen kommune er det om lag 1000 elevplassar for mykje. Det er naudsynt å gjere endringar i skulestrukturen, og det vil kome ei sak som tek for seg struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram. Ei godkjennung av ein ny privat skule vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet støtter ikkje søknaden om godkjennung.

## **Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

Representanten **Bjørnar Hamre** sette fram følgjande forslag:

1. Hordaland fylkeskommune er på generell basis positiv til etablering av nye privatskular som forbetrar tilbodet til elevane. I Bergen kommune er det idag om lag 1000 elevplassar for mykke. Det er derfor naudsynt å gjere endringar i skulestrukturen, og det vil kome ei sak som tek for seg struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram.
2. Ei godkjenning av ein ny privat skule i Bergen kommune vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet støttar ikkje søknaden om godkjenning.

### **Røysting**

Hamre sitt forslag til pkt. 1 vart vedteke mot 5 røyster (AP + SP).

Hamre sitt forslag til pkt. 2 vart vedteke mot 6 røyster (H + FRP).

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster.

### **Innstilling**

|   |   |
|---|---|
| 1 | Hordaland fylkeskommune er på generell basis positiv til etablering av nye privatskular som forbetrar tilbodet til elevane. I Bergen kommune er det idag om lag 1000 elevplassar for mykke. Det er derfor naudsynt å gjere endringar i skulestrukturen, og det vil kome ei sak som tek for seg struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram. |
| 2 | Ei godkjenning av ein ny privat skule i Bergen kommune vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. Fylkesutvalet støttar ikkje søknaden om godkjenning.  |

## **PS 65/15 Sykkel VM 2017 – avtale med Bergen 2017 AS, oppnemning av representant til hovudkomitèen og fordeling av kr. 500.000**

### **Forslag til innstilling**

|    |  |            |  |
|----|--|------------|--|
| 1. | Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegg til ein 12-punkts avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av sykkel VM 2017. |            |  |
| 2. | Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomitién for sykkel VM 2017.   |            |  |
| 3. | Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykkelvanar slik:   |            |  |
|    | Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland   | kr 200.000 |  |
|    | Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000  | kr 200.000 |  |
|    | Mobil sykkelparkering  | kr 100.000 |  |
|    | Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00  |            |  |

## **Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

|   |  |
|---|--|
| 1 | Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegg til ein 12 punkts-avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av Sykkel-VM 2017. |
| 2 | Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomitién for Sykkel-VM 2017.   |
| 3 | Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt Sykkel-VM og folkehelse/sykkelvanar slik:   |

|   |  |  |
|---|--|--|
|   | Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland<br>Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000<br>Mobil sykkelparkering | kr 200.000<br>kr 200.000<br>kr 100.000 |
| Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00 |  |  |

## PS 66/15 Ymse

### Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015

#### YMSE

I samband med møte i Opplærings- og helseutvalet 29.09.15 vert det arrangert ein middag for utvalet kvelden før møtet.

#### OPEN TIME

**Bjørnar Hamre** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«OPHE ber om at man sikrer at elevprognose for Fana gymnas i sak om studiespesialiseringe i Bergen tar hensyn til utbyggingsplanar og nybyggjarområde som Sædalens».

Forslaget vart samråystes vedteke oversendt fylkesadminstrasjonen utan realitetsbehandling.

**Dan Femoen** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Ber om at administrasjonen presiserer §10 i lokal inntaksforskrift til neste opptak slik at utvekslingseleverne får en individuell behandling, jfr. forskrift til opplæringslova §6.33 første ledd, jfr. § 6.34.

Forslaget vart samråystes vedteke oversend fylkesadminstrasjonen utan realitetsbehandling.

**Rasmus L. Rasmussen** stillte spørsmål vedk. inntaksprosess og status for elevar i Etne/Ølen-området.

Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet, og utvalet vil få tilsend supplerande informasjon.

**Rasmus L. Rasmussen** stillte spørsmål vedk. opplegget rundt avvikling av komande skuledebattar/skuleval.

Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet og vil følgja opp saka ved dei vidaregåande skulane .

**Aslaug Hellesøy** stillte spørsmål om status vedk. eventuelt sal av Bømlo vidaregåande skule.

Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet.